# SISTE INDRE

Organ for Indremisjonsforbundet i Rogaland, Nr 5 - 2015. Årgang 55



## Inspirerande leiarkonferanse s. 4



## Sammen-helg s. 6



## -Stort å fortelja andre om Jesus!

s. 11



## 34 nye faste gjevarar

s. 12



imfrogaland.no

# Leder

*Kretsleder Torgeir Lauvås*

## Lukk meg i dine smerter inn og gjør meg sterk og varm



Jesus er verdens lys. I Bibelen og evangeliene har håpet og Guds kjærlighet hovedfokus. Dette lyse bildet av verdens frelser tegnes på en mørk bakgrunn. Bakteppet har et tungt alvor. Med sorg og tårer lukket Jesus sine disipler inn i sin smerte. Slik gjorde også Paulus. Deres smerte var at det finnes en fortapelse som mennesker må berges fra.

I en gammel bedehussang står en bønn formulert slik: "Lukk meg i dine smerter inn og gjør meg sterk og varm"

I en tid da flere og flere i Norge vender seg bort fra Gud, trenger vi å sette oss ned ved Jesu side. Være nær ham når han sitter på Dalsnuten i Sandnes, på toppen av høyhuset på Bryne, på Synesvarden i Hå eller på Varberg i Egersund og ser ut over folk som ikke vil komme inn under hans frelsende vinger. Da vil vi se Jesu smerte og tydelig se at han savner våre naboer. Mange som han døde for, vil ikke komme til ham. Ta deg en høsttur opp på et utsiktspunkt og les Matt 23, 37 Se så utover byer, tettsteder, hus og hjem og la deg berøre. Det må få konsekvenser for vår tanke om naboer og venner. Dette må kalle oss til bønn.

Så kan vi stille spørsmålet; har alle mennesker rundt oss fått et bibelsk bilde av Jesus? Har de sett at Gud er en kjærlig, lengtende Far som vil løpe dem i møte hvis de våger å nærme seg ham? Eller tror de Gud er lunefull, streng og humørsyk, og at han er så misfornøyd med oss mennesker at han helst vil holde de fleste av oss på avstand? Tenker mennesker rundt oss at Jesus er så forvrengt av sine såkalte venner som skrev evangeliene og brevene om hans lære at Bibelen forkludrer Jesus mer enn den forklarer?

Jeg tror mange rundt oss har vrengebilder av Jesus. Noen har et altfor mørkt bilde, andre har en oppfatning av en Gud som lager en lykkelig slutt på absolutt alt uansett.

Jesus inviterer oss inn i Guds ord der han setter ord på sine smerter. Gud ser en syndig menneskeslekt, og er tydelig på at syndens dom er døden. Kjennskapen til denne smerten skal ikke få oss til å ha som hovedsak å true og skremme mennesker med Guds dom. Paulus sier at Guds kjærlighet tvinger ham til å be mennesker komme til sin lengtende himmelske Far. Guds kjærlighet kan gjøre oss sterke så vi kan få styrke til å holde ut i tjenesten. Da kan vi være sendebud for ham som står med åpne armer mot hvert menneske og sier kom. Slik tenker ikke alle om Gud. Noen tror han har utvalgt noen til å møte hans kjærlighet og frelse, mens han har utvalgt andre til å møte hans dom og fortapelse. Slik er ikke vår bibelforståelse. Bibelens Gud er en som vil at alle skal bli frelst.

Vi vil ikke tie om livets to utganger, men vi vil først og fremst forkynne en lengtende, forsonet Far som inviterer alle mennesker til seg. Vi vil bære med oss den varme invitasjon som Jesus hadde til mennesker han møtte – vi trenger å be om kjærlighet til mennesker som ennå lever uten håp. En kjærlighet som gjør oss varme, våkne og inviterende


Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80

Direktenummer:

| | |
|---|---|
| Anne Berit Aarsland | 977 67 073 |
| Terje Slettebø | 51 79 38 80 |
| Kari Helen Garheim | 975 74 550 |
| Frøydis Aarsland | 459 55 965 |
| Anne Birgitte Auestad | 920 90 232 |

Bankgironr. 8220.02.80101

Epost: rogaland@imf.no
imfrogaland.no

**Krinsformann:**
Gabriel Pollestad
404 10 290

**Krinsleiar**
Torgeir Lauvås
Tlf 971 71 745

**SISTE INDRE**
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-forbundet
Kjem ut 5 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Torgeir Lauvås
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**
Mjølhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
Tove Braut 51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Tove Braut Tlf. 951 00 842



Block Berge
VI TAR ANSVAR

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning
ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

# Andakt

*Av Marie Lode*



# Ved kilden

Salme 1,1-3: Salig er den mann som ikke vandrer i ugudelige folks råd og ikke står på synderes vei og ikke sitter i spotteres sete, men har sin lyst i Herrens lov og grunner på hans lov dag og natt. Han skal være lik et tre, plantet ved rennende bekker. Det gir sin frukt i sin tid, og dets blad visner ikke. Alt det han gjør, skal han ha lykke til.

Er du plantet ved den sanne vannkilden? Guds Ord priser salig den som har sin glede i Guds Ord og som daglig tar det til seg. Når du tar til deg av Guds Ord får det konsekvenser. Et tre som er plantet ved rennende og friskt vann, vil bære frukt i rett tid. Guds Ord vitner om Han som er Ordet, Guds Sønn, som ble menneske og tok bolig i blant oss. Den som bruker tid med Jesus i Ordet, bærer frukt.

Gud taler gjennom profeten Jeremia til Israels folk i Jer.2,13: For to onde ting har mitt folk gjort: Meg har de forlatt, kilden med det levende vann, og de har hogd seg ut brønner, sprukne brønner som ikke holder vann. Alle mennesker tørster etter noe. Og selv Guds folk hadde valgt bort Guds livgivende vann og laga seg erstatninger. Sprukne brønner. En sprukken brønn er ubrukelig og vannet renner rett gjennom. Likevel valgte de det i stedet for Herren.

Jesus sier (Joh.7,37b): Om noen tørster, han komme til meg og drikke. Må du til Jesus og Guds Ord, eller blir du tilfredsstilt av det som denne verden kan gi deg? Jesus vil gi livets vann ufortjent til hver den som har bruk for det. Men slik det var på Jeremias tid, slik er det også i dag. Det er så få som er fornøyd med det som Jesus kan gi. I stedet går vi egne veier og bygger våre brønner. Vi tror det holder for Gud, men Ordet sier at det bare er det Guds Sønn har gjort til vår frelse som er nok til å bygge det evige livet på. Jesus tørstet på Golgata for å frelse oss fra en evig tørst som aldri vil bli tilfredsstilt i fortapelsen. Også i dag innbyr Jesus deg til å komme til han. Er du tørst? Bare Jesus kan gi livets vann for intet.







VB VARME & BAD
Bryne Rør A/S
Telefon: 51 77 82 00
E-mail: post@bryneror.no

SUNT OG GODT - FRISKT OG FLOTT
BRU GARD

KROGEDAL begravelsesbyrå
Kontorer: Bryne/Sandnes/Stavanger
51 97 29 00

# Inspirerande leiarkonferanse



*Ein glad gjeng fra ImF-Sør.*

-Mange bra og aktuelle tema. Høg kvalitet på føredraga. Gode tilbakemeldingar. Ein slik konferanse for barne-og ungdomsleiarar har eg lengta etter i fleire år.

Tekst: Terje Slettebø

Slik oppsummerer Anne Berit Aarsland, leiar for ImF-Ung Rogaland, leiarkonferansen på Ognatun 23.-25. okt. I overkant av femti deltakarar frå ImF-Sør og ImF-Rogaland, inkludert seminarhaldarar, var samla denne helga til undervisning og inspirasjon.

**Same utfordringar**

Ein veldig viktig funksjon for ein slik konferanse er at leiarar som står i same type arbeid mellom barn og unge kan treffast, og dela erfaringar på godt og vondt og læra av kvarandre. Samtidig får ein Bibelundervisning og innføring i aktuelle tema.

**Leiarar i Bibelen**

Per Åge Berge var med og hadde to Bibeltimer med tema: Gode leiarar i Bibelen, kva kjenneteikna dei? Her peika han mellom anna på at mange av leiarane i Bibelen gjorde feil, sleit med nederlag, svik og sjukdom. Men Gud kunne bruka dei til noko godt.

**Aktuelle tema**

Gjennom helga vart det tatt opp mange aktuelle tema: « Bare underholdning-eller? Å se tv og film som kristen leder og forbilde», Hvordan være et godt vitne for Jesus der du er?» «Kreativ formidling utan powerpoint», « Gode relasjoner til de vi er ledere for-hvorfor



*Kjekt å lære å bruke ballonger i andakter for barn.*

Sirevåg Salongen
Føl deg vel!
Tlf: 466 54 333
www.sirevaagsalongen.no
(Online bestilling)

din trafikkskole
Tlf.: 464 22 022

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no
• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

# på Ognatun!

er det viktig?», Bruk av powerpoint i andakter», «Barnekorseminar», og «Hvordan kan vi høre Guds stemme i hverdagen».

**Vidareformidling**
I tillegg til seminaret vi har referert frå nedanfor hadde Sven Weum eit Seminar om «Renhet, porno og internett» Anne Berit Aarsland understreker at det er viktig at det som vart formidla i dei ulike seminara, særleg dei som Weum hadde, blir vidareformidla til medlemane i dei lokale laga. –Mange går og ber på vonde opplevingar, skam og nederlag og treng hjelp gjennom ein prosess med rettleiing og ein ny start med nåde og tilgjeving for å gå vidare, understrekar Anne Berit, og gleder seg til ein ny liknande konferanse om to år.


*Maren og Sven Weum.*

## Kvifor leva etter Bibelsk standard?

***Gud er god og vil oss det beste. Tiltrekkinga mellom mann og kvinne er også av Gud, men han har gitt oss rammer for korleis samlivet mellom mann og kvinne skal utfoldast slik at det blir til det beste for oss menneske. Det kan og vera fint og meiningsfult å leva aleine. Dette sa Svein Weum under eit seminar på Leiarkonferansen på Ognatun der tema var:***
***Korleis motivera unge kristne i dag til å leva etter Bibelsk standard. Sven Weum, som saman med kona Maren er regionleiarar for Ungdom i oppdrag sitt familiearbeid i Troms, var opptatt av at vi ikkje berre må fortelja dei unge om kva som er grensene for samliv men også gje dei den Bibelske grunngjevinga.***

**Skapt til mann og kvinne**
Bibelen sitt utgangspunkt er at vi menneske er skapt i Guds bilete som mann og kvinne.
1. Mos 1.27 Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, til mann og kvinne skapte han dei. Også seksualiteten var ein del av Gud sin første plan i Edens hage. Adam og Eva skulle vera ein lekam, og det var naturleg å vera nakne saman. 1. Mos 2. 24-25. Difor skal mannen skiljast frå far sin og mor si og halda seg til kona si, og dei skal vera ein lekam. Dei var nakne både Adam og kona hans, men dei skamma seg ikkje.

**Ekteskapet ei pakt**
Weum understreka sterkt at ekteskapet er meir enn ein avtale eller kontrakt som regulerer praktiske forhold i eit samliv mellom to menneske. Bibelen lærer oss at ekteskapet er ei pakt.
Malaki 2.14 Og de seier Kvifor? – Av di Herren har vore vitne mellom deg og ungdomskona di. Du har vore utru mot henne, endå ho er ektemaken din og kona di som du har gjort pakt med.
Ekteskapet er ei pakt der ein gjev seg hundre prosent til kvarandre til døden skil ein. –Her har seksualiteten sin plass og funksjon som noko vakkert og godt som Gud har skapt. Difor er her så mykje angrep på ekteskapet. Samlivet mellom mann og kvinne vart revet ut av pakta ved syndefallet, underviser Weum.

**Usynlege åndelege band**
Når to menneske er saman seksuelt blir det danna usynlege åndelege band mellom desse to, og dei to kroppane blir til ein kropp. Dette skjer heilt uavhengig av kjærleik og følelsar, seier Sven Weum, og viser igjen til Guds ord. 1.Kor 6.16 Eller veit de ikkje at den som held seg til ei skjøkje , er ein lekam med henne? For det er sagt: Dei to skal vera eit kjøt. Når menneske lever saman utanfor ekteskapet, som er Guds ramme for samliv, går dette så djupt inn i vår personlegdom at vårt indre menneske blir skada. Ordtøke 6.32 Den som driv hor med ei kvinne, er utan vit i hjarta. Den som gjer det, øydelegg si eiga sjel.

**Vi er Guds tempel**
Ved trua på Jesus blir eit menneske født på nytt. Guds ånd, Den Heilage Ande tek bustad, og ein blir Guds tempel. I Kor 3.16 Veit de ikkje at de er Guds tempel, og at Guds ande bur i dykk. Her understreka Weum at dette er ein av dei viktigaste grunnane til å leva etter Guds vilje på det seksuelle området- Det vi gjer med kroppen gjer vi med Guds eige tempel!
I Kor 6.18-20 Hald dykk frå hor! All synd som eit menneske elles kan gjera er utanfor lekamen. Men den som driv hor, syndar mot sin eigen lekam. Eller veit de ikkje at lekamen dykkar er eit tempel for Den Heilage Ande som bur i dykk, og som de har fått frå Gud? De høyrer ikkje lenger dykk sjølve til. De er dyrt kjøpte! Lat då lekamen vera til ære for Gud!

**Trygg på Guds ord**
Sven Weum avsluttar seminaret med å visa til likninga i Matt. 7. 24-27. Om å bygge huset på fjell.-Bygger vi vårt liv på det som er openberra i Guds ord, berre då kan vi bli ståande når stormen kjem. Og han legg til: -Det er Guds nåde, Jesu død på krossen som gjer oss reine også på dette livsområdet. Har vi mislykkast kan vi ved Guds nåde også prøve å rettleia andre og halda fram Guds ord om ekteskapet.

## TAKKE FOR:

- Mange nye faste gjevarar
- Dugnadsfolk på Ognatun
- Fritidsforkynnarar
- Stor påmelding på leirane
- Lederkonferansen for barne- og ungdomsarb 23.-25. okt..

## BE FOR:

- Økonomien
- Førjulsleirane
- Julefeiringa
- Alpha-kurset
- Julespelet på Fredheim

R. SKRETTING A/S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug
Tlf. 51 43 02 16 • Fax. 51 43 02 16


NorProfil AS

RIANOR AS

WALDELAND MASKIN
- Grunnarbeid
- Transport
- Graving
- Grus/pukk
- Landbruk
- Traktor
- Pressing av rundballer
- Vintervedlikehold
- Brøyting og strøing

Tlf: 90 79 61 44

# ImF-Rogaland sin «nye» familieleir!

«Sammen-helga» legg vekt på å gje åndeleg påfyll til både barn og vaksne. I tillegg kan ein få gjera mange kjekke aktiviteter i lag som familie. Dette er blitt den nye familieleiren til ImF-Rogaland. Dersom det blir fullt må vi starte opp med ein til!!



Dette seier ein oppglødd familiearbeidar i ImF-Rogaland, Anne Birgitte Auestad. Ho gleder seg allereie, og ho fortel at nokre familiar meldte seg på til neste år før dei reiste heim frå «Sammen-helga» i april. –Fleire familiar som var innom på deler av helga i april vil nå bu på Ognatun heile helga, slik at det blir ein skikkeleg familieleir, seier Anne Birgitte.
Ho oppfordrar familiar til å prioritera denne helga. I tillegg til åndeleg påfyll blir ein kjent med andre familiar rundt om i krinsen som ein kan møte igjen på seinare arrangement både på Ognatun og andre stader. Slik kan mange familiar bli ein stor kristen familie, og det er inspirerande, tykkjer Familiearbeidaren.

På laurdagen er det innlagt årsmøte for krinsen. Dette går parallelt med misjonstivoliet, så her kan ein velje kva ein vil vera med på. Meir informasjon om kva som skjer denne helga ser du på annonsen på denne sida.














**Etter 3 år pause er Jakten På Julen tilbake med nye halsbrekkende stunt og nyfiken oppdagertrang. Bli med på årets jakt- vil de finne Jesus barnet, vil dassen ta av, og får bestefar endelig være med ut i verdensrommet? Dette og mye mer vil du få svar på om du løser billett til årets Jakten på julen.**

Forsamlingens egne skuespillere, musikere, teknikere, dansere og sangere vil stå for det som skjer på scenen. Alt fra den yngste til den eldste stiller opp for å glede deg og dine! Vi lover deg en opplevelse utenom det vanlige, fylt av musikk, dans, nisser og mange rare ting, hvor Julebudskapet vil stå sentralt.

Forestillinger spilles i år for 5 gang og interessen fra skoler og publikum er overveldende. Allerede før sommeren var 2400 gratis plasser til skole - og barnehagebarn i Sandnes, revet bort. Så ikke DRØY med å bestille de åpne billettene som nå ligger tilgjengelig på www.billettservice.no

"Jakten på julen" er en egenprodusert juleforestilling som Fredheim Arena står bak.

Dette er et fullskala julespill i fire akter som inneholder dans, musikk og drama. Fredheim Arena setter opp forestillingen gratis for skoler og barnehager 2. og 3. desember.

De åpne forestillingene for publikum er lørdag 5. og søndag 6. desember kl. 14.00 & 17.00.

Fredheim Arena ønsker generelt å være en positiv samfunnsbygger, og ser dette som en god anledning til å gi noe spesielt og ekstra til byen og regionen i adventstiden.

Andreas Bjørntvedt




GRUDE BYGG
Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

ASTOR INVESTERING AS

GM-offshore

Haugstad Eiendom AS
Postboks 37
4369 Vigrestad

Vardheiveien Eiendom AS

MASKINERING & SVEISESERVICE A/S




# ALPHA



**Richard Thunem fra Hommersåk gikk i fjor på Alphakrus sammen med kona. Vi stilte ham noen spørsmål:**

*1. Hvordan hørte du om Alphakurs, og hvorfor meldte du deg på?*
Vi hørte om dette i menigheten Betel på Riska og via felles venner og meldte oss på dette når vi var på Alphamiddagen i Riskahallen .Vi meldte oss på fordi at vi ønsket å bli bedre kjent med Gud og at vi fikk gode anbefalinger fra bekjente .

*2. Hva visste du om Alphakurs før du begynte?*
Vi visste noe om Alphakurset men etter at vi fikk pratet med de som skulle ha kurset så syntes vi at dette virket meget spennende og vi hadde lyst å prøve .

*3. Hvordan opplevde du kurset?*
Det var en varm og god opplevelse fra vi kom til vi gikk.Vi ble hilst velkommen i det vi kom inn døra og ble viste frem til maten og til rommet hvor vi skulle sitte. Dette var viktig og ga en god start .Alt dette opplevdes som meget rolig og behagelig. Det var et godt sted å sitte og spise og få møte andre som søker å bli kjent med Gud.

*4. Hva syns du er det beste med Alpha?*
God stemning og humor og at tema var tydelig, samt tid til å tenke og prate sammen om det som vi hadde av tanker opplevelser i gruppa etterpå .Vi så frem til onsdag og kurs hele tiden og dette ga oss mer inspirasjon til å forsette i menigheten vi hadde blitt invitert til tidligere av noen venner, det ble på en ny måte mye lettere å komme nærmere Gud .

*5. Etter noen kurs vi av og til deltar på i jobbsammenheng husker vi lite etterpå og tenker at det var bortkasta tid. Er Alphakurs i samme kategori?*
Nei. Dette bygger noe inne i oss som menneske og en får en mulighet til å møte andre troende og søkende mennesker som gjør det lettere å finne en menighet der en føler seg hjemme i .
Jeg er veldig glad for at jeg fikk denne muligheten. Dette er et verktøy som jeg kan bruke hele tiden i livet mitt og som identifiserer hvem jeg vil være .

## Premie til Eli Nes!



Endeleg fikk Eli Nes frå Ombo Yngres premien sin! Ho vart kåra som vinnar i "Rogaland rundt" konkurransen vi hadde på «Sammen-helga i vår! Eli har drevet Yngres i to generasjonar. Ho har gjort ein fantastisk jobb aleine alle desse åra!! En viktig jobb!!!!




**Vigdel Engineering AS**
**Telefon 46 41 18 19**
**Egil@vigdelengineering.no**

SONDRE ÅRSLAND
TLF. 930 25 968
MASKIN AS
GRAVE-BETONG ENTREPRENØR

H. Reinertsen
LASTEBILTRANSPORT
EGERSUND




**Kjære Ognatunvenn!**

# Ny forening for Ognatun!

På nyåret vil det bli starta opp ei ny foreining for Ognatun. Ein vil samlast ca ein gong i månaden på Ognatun. Håper mange vil bli med. Interesserte kan ta kontakt med Tove Braut tlf. 951 00 842.












# Weekendar på Ognatun vinteren 2016

## Mannsweekend

**22.-24 jan**
TEMA: «Dei 4 B-ane»



Talar: Erik Furnes
Songgruppe frå Hovsherad
Tur og aktiviteter
Festkveld og delestund

## Inspirasjonshelg for kvinner

**29.-31. jan.**
TEMA: «Fri og modig»



Talar: Anne Furnes
Songarar: Synnøve Sveen Harila
og gruppe frå Nærbø
Strikkekafe med utlodning.
Festkveld og delestund

## Kvinneweekend

**26.-28. febr.**
TEMA: «I lys og mørke»



Talar: Wenche Lunde
Songarar: Kjerstin Handeland Stokken
og Magnhild Sørlie
Festkveld
Utlodning

**Fellesinfo:**
PRIS kr 1 530,- sengetøy kr 95, opp-redd seng kr 135,-
Pris for einerom er kr 1 930,- (begrensa antall rom)
Påmelding til ImF-Rogaland
tlf. 51 79 38 80, eller
e-post: rogaland@imf.no.
Velkomen til ei helg med åndeleg og sosialt fellesskap på Ognatun!

# Leirer på Ognatun

## På leir med mor

**For mødre med barn 5-7 år.**
**6.-7.februar**
**Påmeldingen starter mandag 18. jan. kl. 17.00**
**på vår nettside: imfrogaland.no**

---

| | | |
|---|---|---|
| **Påskeleir 1.** | **2.-4.kl** | **4.-6.mars** |
| **Påskeleir 2.** | **3.-5.kl** | **11.-13. mars** |
| **Påskeleir 3.** | **5.-7.kl** | **18.-20. mars** |

Påmeldingen for påskeleirene starter mandag 8. febr. kl. 17.00
på vår nettside: imfrogaland.no

# VINTERBASAREN 2016



Vinterbasaren blir lørdag 6. februar, med samme opplegg som tidligere. Egersund Bedehus åpner dørene med kafe og basar kl. 10, og ca. kl. 12.15 selges Thyras gode bjerkreimskomler. Slike selges også - pluss lodd - på Bjerkreim Bedehus ca. kl. 12.30.

Der begynner den store basarkvelden, med åresalg og hovedtrekning, kl. 18. En sanggruppe fra Holum blir med oss denne dagen. Andaktsholdere er ikke helt avklart enda, men det blir gode folk! Komiteen håper på godt basarvær, mye folk og mye penger til IMF i Rogaland.

Hilsen kometen ved Marit M.

Astor Industri Eiendom AS

reime&lode
Nærbø. Tlf. 51 79 10 10
www.reimeoglode.no

**Intervju med Marie Lode**

# -Stort å fortelja andre om Jesus!

Marie Lode (26) frå Nærbø er arbeidar i ImF-Sør. Vi i Siste Indre tok ein prat med den utflytta Jærbuen for å høyra korleis ho har det på Sørlandet.

Av Terje Slettebø



***Kor lenge har du vore på Sørlandet og kva gjer du der?***

-Eg har vore tilsett i ImF-Sør sidan aug. 2013. I den eine delen av stillinga er eg ungdomsarbeidar på Evje, Hornes og Bygland. Der er bibelgrupper for ungdomane og leiartrening sentralt i arbeidet. I den andre delen av stillinga reiser eg som forkynnar i krinsen, det likar eg også godt for eg likar å arbeida med Guds ord.

***Kvifor vart det teneste i misjonen for deg?***

-Det er eit stort spørsmål! Eg budde i Flekkefjord og fekk kontakt med arbeidet på Bedehuset der, og gjennom det fekk eg høyre om at dei trengte folk på Evje. Eg hadde eigentleg tenkt å studera, men når denne stillinga på Evje stod ledig fortsatt i slutten av juni 2013 bestemte eg meg for å gå inn i den. Eg kjenner ei stor glede over Guds ord og syns det er stort å få fortelja andre om Jesus.

***Du er frå Nærbø, har du mykje kontakt med arbeidet der?***

-Det blir ikkje så mykje. Eg var med i ungdomslaget dei siste åra eg budde heime, når eg nå er heime brukar eg å vera innom møta på Bedehuset. No i november skal eg få tala på ei langhelg i ungdomslaget på Nærbø og det gleder eg meg til!

***Er det noko i Bibelen du brenn spesielt etter å dela?***

-Eg syns det er viktig å leggja vekt på det personlege forholdet til Jesus. At tilhøyrarane får sjå at det Jesus gjorde gjeld for den enkelte, at det gjeld for meg. I 1. Joh 5.12 står det: Den som har Sonen, har livet. Den som ikkje har Guds Son, har ikkje livet. Her er eit enten eller, utan Jesus har ein ingenting, i Jesus har ein alt.

***Du er ung, kva tru har du på indremisjonsarbeidet framover?***

-Eg har stor tru på arbeidet framover. Så lenge vi samlast om Guds ord og forkynner evangeliet vil Guds ånd overbevise om synd og nåde. Vi må ha tru på Guds ord si kraft og bruke det, så vil Guds rike vekse.

***Kva kan du fortelja frå Ungdomsarbeidet på Evje?***

-Her er mykje positivt! Mange ungdommar er blitt glade i Bibelen og fått møtt Jesus gjennom forkynning og bibelgrupper. Ungdomane er blitt ført inn i Ordet og har fått tak i bodskapen. Når dei får møta Jesus i Ordet har ein noko å byggja livet på.

## Ognatunbasaren

Ognatunbasaren i år gav eit flott resultat på kr 176 000. Eit viktig handslag til Ognatun og arbeidet her. Basarkvelden var også ein flott og oppbyggeleg kveld. Hjarteleg takk til alle som på ulike måtar bidrog til ein flott kveld og godt økonomisk resultat.

For Ognatunstyret Terje S.

VIGRESTAD BYGG
WWW.VIGRESTADBYGG.NO
Tlf: 958 19 505

**Pål Hatteland AS**
**Entreprenør**
Mob 99278710

Elektrofag Jæren
En god kontakt på Jæren

**Trenger du regnskapsfører?**
Besøksadresse:
Torget 5, 4340 Bryne
Nordsjøveien 2671,
4360 Varhaug
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
JÆRØK
www.jarok.no
NARF

**Grude Gartneri**
**Brekkeveien 18**
**4353 Klepp Stasjon**

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

# B-BLAD

Returadresse:
ImF Rogaland
Mjølhusvegen 70
4364 Sirevåg



*Frå v. Gabriel Pollestad, Svein Ove Særsten, Kristian Gudmestad og Ingve Slettebø*

# Vi fekk 34 nye faste gjevar på ein kveld

Det var veldig oppløftande og inspirerande å få så god respons på ringerunden der vi oppfordra til fast gjevarteneste. Dette gav krinstyret trua på at med fokus på økonomien og hardt arbeid framover, vil ein kunna unngå nedskjeringar i leirarbeidet og anna misjonsarbeid.

Det var under eit fellesmøte mellom krinsstyret, Ognatunstyret og ImF-Ung teamet 15. okt. at vi sette av ein halv time til å ringe til 150 personar som var utplukka på førehand. Dei vart utfordra til å bli faste gjevarar til ImF-Rogaland og gje minst kr. 150 pr mnd. Resultatet vart 34 nye gjevarar til krinsen, som nå totalt har 155 faste gjevarar.
Denne aksjonen vart eit stort lyspunkt i ei krevjande økonomisk tid for ImF-Rogaland. Ved inngangen til oktober hadde vi eit driftsunderskot på 1 mill kr. Målsetninga nå er at oktober og november skal gå i balanse og at desember månad vil gje eit overskot på 500 000 kr. Då vil vi i år koma ut med eit underskot på 500 000 kr.- Dette medfører at likviditeten blir pressa for at vi skal kunna betale ut lønningar og andre forpliktingar. Ognatun har i den situasjonen betalt tilbake litt av sitt lån til krinsen.

Kva har gått galt? Det er gåveinntektene, særleg frå lag og foreiningar, som har gått dramatisk ned samanlikna med 2014. Fram til 1. oktober var gåveinntektene 237 000 mindre enn på same tid i fjor, medan vi hadde budsjettert med ein auke på 130 000. Utgiftene ligg 85 000 over budsjett så lang i år.

Krinsstyret har vedteke at vi vil arbeida for å auka inntektene og få ein berekraftig økonomi i staden for å redusera i staben, leirarbeidet og anna misjonsverksemd. Responsen på fastgjevar-aksjonen og haustofferet gjev oss forhåpningar om at dette kan vera mogleg. Ei god julegåve til ImF-Rogaland (sjå vedlagt giro) vil og vera ekstra viktig i år.
Hjarteleg takk for all støtte og omsorg for misjonen gjennom offer og forbøn. Det er godt å merka dei mange gode handslag frå dykk misjonsvenner i ei økonomisk krevjande tid.

For krinsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar



*Frå v. Toralf Liene, Randi Klingsheim Bøe og Jarle Mong*